



Edle Lomheim saman med Hallvard og Hermund Lomheim Døssland gjorde ein god jobb framfor Grunnlovsdagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag er 17. mai og friluftslaget hadde tirsdag kveld innkalt til den tradisjonelle, årlege dugnaden på Stemneplassen. Rundt 10 hadde teke imot oppmodinga og møtt fram og på eit par timar vart plassen rydda og pussa opp etter alle kunstens reglar. Hvis vergudane no held det dei lovar ligg det an til å bli eit nytt, fint punktum for feiringa på Stemneplassen.

I samanheng med dugnaden var protokollen for tidlegare dugnadar interessant lesnad. Rapportane frå denne sida av tusenårsskiftet er noko mangelfulle, men mykje tyder på at oppslutnaden om dugnadane og engasjementet for plassen i det heile var større på 1990-talet.

Vanlegvis var rundt 20 møtt fram då den tradisjonelle dugnaden før Grunnlovsdagen skulle haldast. Og det vart i tillegg gjort ein innsats for å rusta opp plassen på andre sida av århundreskiftet. I 1993 vart såleis stålkonstruksjonen over scena sett opp og i 1997 vart det rydda ny vei til toppen av Skårhaug, der bord og fire benkar vart monterte.

I rapportboka går også ein slåttedugnad seinare på sommaren att.

Det er ingen tvil om at Uskedalen har ein fin stemneplass som framleis fortener å bli teke godt vare på.

Av Ola Matti Mathisen



Svein Arild Kjærland og Hilmar Haugland i arbeid på Stemneplassen. (Foto: Ola Matti Mathisen)